

# Årsmelding for 2022



Årsmøte i Bore kyrkje 19. mars kl. 19. 30



**BORE KYRKJE**  
SETT - FAMNA - UTFORDRA

# INNHALD

---

Årsrapport for Bore sokneråd med rekneskap for 2022

Tilsette i 2022

Årsrapport for det diakonale arbeidet i Bore kyrkjelyd

Årsrapport for Kraftfôr

Årsrapport Bore barnekor

Årsrapport for ungdomsarbeidet

Årsrapport for søndagsskolen og Sprell levande

Årsrapport for det musikalske arbeidet

Årsrapport for Nådepuls

# ÅRSRAPPORT FRÅ BORE SOKNERÅD

---

## Hvem er vi?

Så er det tid for nok en årsrapport for Bore menighet. Her har vi mulighet til å se tilbake på året som har gått, og drømmer for året som kommer. Vi i Bore har en god visjon: Sett, famna og utfordra. Denne visjonen er en flott, og til tider et krevende utgangspunkt for menighetsarbeidet. Vi er en helt vanlig menighet med våre styrker og svakheter.

"Vi" er alle oss som regner seg som en del av Bore menighet. Noen har en sterkere tilknytning enn andre. Men alle, fra de yngste til de eldste, er nettopp Bore menighet, familien. Soknerådet ønsker å være et råd som har visjonen vår i bunn. Vi ønsker å bygge Guds menighet etter Bibelen og ha Jesus som det største forbildet vårt. Jesus så alle, Han inkluderte alle og Han utfordret de han møtte på sin vei, da, som nå. Vi i soknerådet ser at "familien" kan ha sine utfordringer. Får barna nok søndagsskole, hvordan skal vi nå de i tidlig tenårene, hvordan blir konfirmantene møtt, unge voksne, og ikke minst de eldste? Det er ikke lett å tilfredsstille alle til enhver tid. Men vi ønsker at raushet skal prege menigheten vår. Raushet og kjærlighet.

**Romerne 12.10: Ja, elsk hverandre slik som søsken bør og skal gjøre. Gjør alt for å vise hvor mye dere setter pris på og respekterer hverandre.**

## Frivillighet

2022 var frivillighetens år. Uten frivillige hadde vi hatt lite som kunne blitt satt i gang. Dette året har vi hatt ekstra fokus på å få til ressursgruppene til de ulike gudstjenestene som vi har, og øke frivilligheten inn mot konfirmantarbeidet. Vi er på god vei i dette arbeidet, og kan med glede se at flere frivillige bidrar inn mot fellesskapet. Vi i soknerådet vil rette en **STOR TAKK** til alle som bidrar med stort og smått i menigheten vår. Vi fikk og være med på sykkelturen 2022 som Frivillighetssentraler i Norge arrangerte. Vi bidro med "kirkekaffe" på Borestranden. Her fikk alle syklistene og besøkende kaffe, saft og kaker. Vi hadde og for anledningen laget fine t-skjorter med Bore Kyrkje og visjonen vår på. Fint å kunne støtte opp om lokale arrangement og vise igjen i lokalsamfunnet. Vi har flere i menigheten vår som gjør en god innsats i Frivillighetssentralen på Klepp. Her hjelper de til med språktrening, utfylling av søknader, besøkshjem, øvelses kjøring osv. til flyktninger. Vi har mange med hjerte for våre medmennesker.

Vi prøver og å legge til rette for at ideer som "familien" kommer med, kan gjennomføres. Vi har blant annet hatt møtehelg med **Francois Botes**. Han utfordret oss på Bibellesning og viktigheten av husfelleskap, smågrupper. De første menighetene møttes i hjemmene til hverandre. Og delte tro og liv på ærlig vis. Vi ser og at skal visjonen vår fungere optimalt, trenger vi at alle som vil, får ett tilbud om å være med i slike felleskap.

Vi vil og rette en **STOR TAKK** til både Ove Byberg, Elin Anita Garpestad og Nicolai Homme. De 3 har lagt ned mye arbeid over mange år som organist, daglig leder og soknerådsleder. De har nå valgt å sende stafettpinnen videre til nye krefter. Vi i Bore har vært heldige som har slike dyktige ansatte og frivillige som arbeider med hjertet for Bore sokn og Gud. Lykke til videre alle 3.

Vi har hatt flere år nå med koronarestriksjoner, krig i Europa og økonomiske utfordringer. Nyhetsbildet fylles av tristhet og mørke. Da er det godt å søke sammen og finne håpet i Gud.

**Joh. 14.27 Jesus sier, Fred etterlater jeg dere. Min fred gir jeg dere, ikke den fred som verden gir. La ikke hjertet bli grepet av angst og uro.**

Vi håper at 2023 blir et år der enda flere drømmer for menigheten vår kan prøves ut. At enda flere i soknet skal få kjenne visjonen vår på kroppen. Og at ikke bygget skal være avgjørende for vekst og virke, men at Gud skal få virke i og rundt oss.

## Weekend

Det blei arrangert menighetsweekend i november 2022. Det var 33 vaksne og 31 born som reiste til Ognatun leirstad og hadde ein kjekk weekend der det sosiale og åndelege gjekk hand i hand. Tema for weekenden var; *På lag med Gud*. Det var god tid til å bygga relasjonar og det var samlingar med stor grad av deltaking frå alle aldersgrupper. Komiteen som planla og gjennomførte weekenden fortener stor takk.

## Økonomi

Dagleg leiar, ungdomsarbeidar og trusopplærar vert delvis løna av innsamla midlar. Grunna ei sjukmelding og delvis reduksjon i dagleg leiar stillinga ei periode i 2022 vart lønskostnadene for kyrkjelyden lågare i 2022 enn me hadde budsjettert for. Me reknar med at denne kostnaden vil auke i 2023. Den faste gjevartenesta er pilaren i økonomien vår, og auka litt andre halvår i 2022. Rekneskapen for 2022 viser eit overskot på kr 259 490,- Me har og oppsparte midlar som i hovudsak kjem frå testamentariske gåver.

## Soknerådet

Det er 3 kvinner og 3 menn i soknerådet. Soknerådet vel sjølv leiar og nestleiar. I 2022 var Nicolai Homme leiar og Torunn Renate Bore nestleiar. For 2023 er Torunn Renate Bore vald som leiar og Jens Kåre Stokka som nestleiar.

Soknerådet nyttar på kvar samling god tid til skriftlesing, samtale og bøn, samt samtale om arbeidet generelt, og om strategien. Alle møter og referat er offentlege.

Bore sokneråd

21. februar 2023

  
Nicolai Homme  
Leiar

  
Torunn Renate Bore  
Nestleiar


  
Marita Midtun Finstad  
Medlem

  
Jonas Berge  
Medlem

  
Jens Kåre Stokka  
Medlem

  
Elisabet Haarr  
Medlem

  
Ivan Fjeld  
Medlem

  
Torill S. Bøen  
Varamedlem

## Litt statistikk for 2022;

- Gudstenester på søndagar/heilagdagar: 50
- Deltakare totalt; 4665
- Deltakare i snitt: 93
- Nattverdsdeltakare i snitt: 60 (fordelt på 17 gudstenester med nattverd)
- Deltakrar på julegudstenestene: 391 (4 gudstenester)
- Skule- og barnehagegudstenester: 5
- Antall døypte: 24
- Antall konfirmerte: 55 (92 % av medlemmene)
- Frivillige medarbeidarar: 132 personar

| BORE KYRKJELYD - REGNSKAP 2022                  |                  |                  |
|-------------------------------------------------|------------------|------------------|
|                                                 | Regnskap 2022    | Regnskap 2021    |
| <b>INNTEKTER</b>                                |                  |                  |
| Fast gjevartjeneste                             | 599 054          | 524 334          |
| Ofringar til menighetsarbeidet                  | 102 627          | 44 540           |
| Offer til menighetens misjonsprosjekt           | 25 782           | 23 617           |
| Offer til andre formål / organisasjonar         | 138 961          | 44 757           |
| Deltakaravgift weekend og konfirmant            | 198 906          | 254 865          |
| Offentlig støtte til ungdomsarbeid              | 42 201           | 26 564           |
| Offentleg støtte til trusopplæring              | 378 175          | 374 800          |
| Andre inntekter                                 | 75 371           | 88 201           |
| <b>Sum inntekter</b>                            | <b>1 561 077</b> | <b>1 381 677</b> |
| <b>KOSTNADER</b>                                |                  |                  |
| Overført til NMS- (menighetens misjonsprosjekt) | 25 782           | 23 617           |
| Overført til andre lag og organisasjonar        | 138 961          | 44 757           |
| Gaver til misjonsprosjekt                       | 1 000            | 0                |
| Lønn og sosiale utgifter                        | 714 162          | 762 896          |
| Kurs og undervisning                            | 6 248            | 1 600            |
| Kostnader til barne- og ungdomsarbeid           | 17 659           | 31 423           |
| Kostnader til lyd og bilete og inventar         | 21 530           | 135 568          |
| Øvrige kostnader til drift og arrangement       | 390 849          | 376 428          |
| <b>Sum kostnader</b>                            | <b>1 316 191</b> | <b>1 376 288</b> |
| Renteinntekter                                  | 14 604           | 2 873            |
| Rentekostnader                                  | 0                | 0                |
| <b>Netto renteinntekter (kostnader)</b>         | <b>14 604</b>    | <b>2 873</b>     |
| <b>Overskot (-underskot)</b>                    | <b>259 490</b>   | <b>8 262</b>     |
| <b>Disponering av årets resultat</b>            |                  |                  |
| Avsetning til (bruk av) bundne fond             |                  | 5 882            |
| Avsatt til (bruk av) fond for ungdomsarbeid     | -5 865           |                  |
| Overført til disposisjonsfond                   | 265 355          | 2 380            |
| <b>Sum disponera</b>                            | <b>259 490</b>   | <b>8 262</b>     |
| <b>BORE SOKNERÅD - BALANSE</b>                  |                  |                  |
|                                                 | Regnskap 2022    | Regnskap 2021    |
| <b>EIGENDELAR</b>                               |                  |                  |
| Utstyr i kyrkja og kyrkjestoga                  | 352 259          | 463 764          |
| Fordringar                                      | 48 249           | 88 670           |
| Bankkonto                                       | 737 138          | 423 546          |
| Bankkonto - særtilkassar                        | 1 276 959        | 1 266 643        |
| <b>Sum eigendelar</b>                           | <b>2 414 604</b> | <b>2 242 623</b> |
| <b>EIGENKAPITAL</b>                             |                  |                  |
| Bundne fond                                     | 33 971           | 39 836           |
| Kapitalkonto                                    | 352 259          | 463 764          |
| Annan eigenkapital                              | 2 003 565        | 1 738 210        |
| <b>Sum eigenkapital</b>                         | <b>2 389 795</b> | <b>2 241 811</b> |
| <b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>                     | <b>24 809</b>    | <b>813</b>       |
| <b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>                | <b>2 414 604</b> | <b>2 242 623</b> |

# TILSETTE I BORE KYRKJELYD I 2022

---

| <b>Namn</b>             | <b>Stilling</b>              | <b>St.prosent</b>             |
|-------------------------|------------------------------|-------------------------------|
| Ivan Fjeld              | Sokneprest                   | 100%                          |
| Elin Anita Garpestad    | Dagleg leiar                 | 40% tom 02.22 *               |
| Hilde K Eikeland        | Dagleg leiar                 | 70% frå 03.22 *               |
| Solfrid Vigdel Skalvik  | Menighetsped. born           | 70% *                         |
| Jarle Stokka            | Menighetsped. ungd.          | 50%                           |
| Elin Underhaug Kanu     | Organist                     | 45%, (+ 25 % vikar frå 11.22) |
| Ove Byberg              | Organist                     | 35% tom 12.22                 |
| Kari Haavardsholm       | Sekretær                     | 25%                           |
| Kristine Vigdel Skalvik | Reinhaldar                   | 20%                           |
| Arne Tveranger          | Teknisk medarbeidar          | 10%                           |
| Ida Kristine Slettbakk  | Kyrkjetenar                  | 10% tom 07.22                 |
| Jac Malvin Salvesen     | Kyrkjetenar                  | 7% frå 08.22                  |
| Valdemar Jørgensen      | Kyrkjetenar                  | 3% frå 08.22                  |
| Ingelin H. Nordbakken   | Diakon, i fellesområdet      | 100%                          |
| Ketil Terning           | Kyrkjetenar, i fellesområdet | 100%                          |

\*stillinga er delvis finansiert av kyrkjelyden

# ÅRSRAPPORT FOR DET DIAKONALE ARBEIDET I BORE MENIGHET 2021

---

Diakonen arbeider 100% med ei fordeling på Klepp, Bore, Orre og Frøyland/Orstad kyrkjelydar. Diakonen har vore heilt og delvis sjukemeldt i nesten heile 2022.

## Diakoniutvalet Bore

Torunn Renate Bore - repr. for soknerådet, Wako Roba, Liv-Astrid Hausberg og Ingelin Hatteland Norbakken, diakon og sekretær. Utvalet har hatt 1 møte og tatt opp 4 saker

## Diakonale tiltak i Bore, 2021

- Besøkstenesta i Bore inneheld jubилantbesøk ved fylte 85 og 90 år. Besøka er gjennomført av to frivillige, diakoniutval og prest. 12 jubilarar blei besøkt. Det er tilbod om samtaler. Oppfølging av etterlatte skjer individuelt ved behov. Det har vore tilbod om sorggrupper til etterlatte, som er eit samarbeid mellom diakonane på Jæren, Sandnes og Sola.
- Den årlige seniorfest gjekk av stabelen 22.mars 2022.
- Institusjonsandaktene har stort sett gått som normalt i 2022. Det har vore litt færre samtaler og besøk. Me er svært takksame for den frivillig og uorganisert besøkstjeneste i Bore kyrkjelyd.
- Gudstenestene med tilrettelagt klubb, Torsdagstreffen, hadde 8 samlingar og sommertur 9.juni til Voll juletergard. I tillegg til prest, organist og diakon er det tre frivillige med frå Klepp.
- Bønnearbeidet i Bore har eit rikt mangfald. Her er bønnesamlingar, bønnekort for konfirmantane, bønn i heimane, bønn i gudstenesta mm. Gjennom Nabobønn er Bore sokn delt inn i soner og dekkja av forbønn. I tillegg var det inspirasjonssamling i november 2022.
- Open kyrkje kvar torsdag har helde fram, utanom i skuleferiar. Ove organist og Arvid som frivillig har stått for dette.
- 6 kjeke strikkedagdar har vorte gjennomførte.
- Spele og drøs for menn har hatt 4 samlingar i 2022, og har vore eit kjekt sosialt tilbod for menn i kyrkjelyden.

## Samarbeid med Klepp kommune

- Samarbeidet med kommunen som i år ha vore gjennomført er besøkstenesta, Hverdagsvenn. Tre frivillige er med i tenesta frå Bore.

## Samarbeid med andre menigheter, fellesråd og andre organisasjoner

- Julegaveaksjonen deltok Bore kyrkjelyd på òg i år.
- Minnegudstenesta 6.november blei i år arrangert felles i Klepp kyrkje.

**EI STOR TAKK** til alle frivillige i Bore kyrkjelyd!

# ÅRSRAPPORT FOR KRAFTFÔR 0-12 ÅR

---

Bore kyrkje sin plan for trusopplæring heiter «Kraftfôr». Planen fortel kva for breiddetiltak kyrkjelyden inviterer til på dei ulike aldersstega. Menighetspedagogen har hovudansvaret for å leie dette arbeidet, men tiltaka kan ikkje gjennomførast utan at og frivillige leiarar er med.

Me møter mange barn og vaksne i trusopplæringsarbeidet. Deltakinga på tiltaka våre er som oftast svært god. Sjå oversikt over deltaking i prosent nedst i årsrapporten. Det som ikkje kjem fram her, er blant anna nedgangen når det gjeld antal døypte. Den er markant, og gjer det vanskelegare enn før å nå ut til familiar med informasjon om det som skjer i kyrkja. Me har berre lov til å sende ut informasjon i posten til dei barna som er døypte, og dermed medlemmar, i Den norske kyrkja.

## **Bore sokn har gjennomført følgjande breiddetiltak for barn 0 – 12 år i 2022 :**

### 0 år Dåp og Dåpssamling

Det har vore nedgang i talet på døypte dei siste åra. I 2015 var det 52 dåp i Bore kyrkje, i 2020 38 dåp, mens talet for 2022 er 24 dåp. Av desse 24 var 21 babyar. Det er presten som har hatt dåpssamling eller samtale med dåpsforeldra.

### 0 år Babysong og småbarnssong

Det har vore to kurs i Babysong også dette året. Vårkuset hadde 6 deltakarar, mens det var 10 påmelde om hausten. Småbarnssong hadde eit kurs på dagtid rett før sommaren, med 9 påmelde mellom 1 – 3 år. Leiarar der var Margit Kristine Grude og Elisabeth Haus.

### 3 år Søndagsskulebesøk.

Også i år vart 3-åringane inviterte til Supersøndagsskule i Vollhallen i september. Dette «konseptet» starta i «koronatida», og har vore veldig vellukka. Og i år gjennomførde leiarane på Søndagsskulen ei flott samling med song, dans og drama, samt kjekke aktivitetar i Vollhallen. 3-åringane fekk ein eigen aktivitet berre for dei, og fekk ei bok med seg heim.

### 4 år Pølsesang

Dette tiltaket var nytt i år, og vart arrangert i samarbeid med barnekoret. 4-åringane fekk lære nokre songar, spele på rytmeinstrument, og høyre om skapinga frå Bibelen, saman med barna i koret. Til slutt fekk alle pølse og saft. Svært gledeleg med ein oppslutnad på 50 % allereie denne første gongen.

4 år Utdeling av 4 års bok.

Utdelinga av barnebibel til 4-åringane føregjekk på ei familiegudsteneste. Det er framleis «Bibelen for dei små» dei får utdelt.

8 år Tårnagenthelg

Dette året gjennomførde me Tårnagenthelg noko seinare på året enn vanleg. Det var fint og varmt i veret, og då barna skulle på skattejakt, hadde me postar både ute og inne. Barna fekk løyse ulike oppdrag som «ekte» agentar kom med. Første oppdraget hadde dei allereie fått før dei kom; å sjå to filmar om Kristi himmelfartsdag og Pinse. Agentane fekk og gå i ein labyrinth, dei fekk utfordra seg i samarbeid, utforska kyrkjetårnet, og fekk god mat. Agentane deltok på familiegudstenesta på søndagen, der dei fekk utdelt boka «Skatten i Liljedal».

9 år Etter skuletid.

Det er frivillige leiarar frå kyrkjelyden og Bore bedehus som driv dette tiltaket, og dei held til i kjellaren på bedehuset. 8 tysdagar kan 4. klassingar på Bore skule kome til bedehuset rett etter skulen for å få undervisning, mat, spel og aktivitet. Dei kan og gjere lekser, om dei ønskjer det.

Etter skuletid hadde 2 samlingar før jul (2021) og 6 samlingar i januar og februar 2022. Over 20 barn deltok. I november 2022 starta neste årskull, denne gong med 4 samlingar før jul, og 4 samlingar i januar 2023. Det var heile 37 4. klassingar som melde seg på. Heldigvis var det då fleire frivillige som stilte som leiarar på kort varsel.

Leiarar på «Etter skuletid» 2022 har vore Olav Vestvik, Anne Mundal, Oddvar Høie, Hild Arna Voll, Hans Voll, Geir Magne Hauge, Marit Lauvskar, Randi Kjøllesdal, Elin Anita Garpestad, Torjus Frøvik og Karen Høie.

10 år Tweenslørdag

Dette tiltaket er for 5. klassingar, og me var samla ein god gjeng ein laurdag ettermiddag i oktober. Me hadde samling med andakt i kyrkjerommet, me åt taco i lag, hadde quiz og ulike leikar. Me hadde og «Spør presten», der barna fekk spørje Åsmund om kva dei ville. Barna viste stort engasjement, og lærde mykje av dette, både om det å vere prest, og om å vere kristen. Alle fekk eit smykke, med gripekors i tre, med seg heim.


11 år Lys vaken

Dette tiltaket er for 6. klassingar, som kan kome til kyrkja laurdag kveld, og overnatte i kyrkjerommet til søndag. På programmet står mellom anna samling med undervisning i kyrkjerommet, hobbyaktivitet, mat, leik og film. Lys vaken sluttar av

etter familiegudstenesta på søndagen. Meir enn 80 % av dei døypte deltok også denne gongen.

### Deltaking

Stolpediagrammet nedanfor viser dei ulike tiltaka for barn og ungdom, og kor mange som deltok. Deltakinga er rekna i prosent ut ifrå talet på døypte i kvart årskull.



Dette året måtte dessverre nokre tiltak utgå på grunn av mangel på leiarar og sjukdom. Trusopplæringsutvalet har ikkje hatt møte i 2022.

**Tusen takk til alle som har vore med som frivillig medarbeidar på eitt eller fleire tiltak i 2022! Me er svært takknemlege til kvar og ein for innsatsen i dette viktige arbeidet!**

Solfrid Vigdel Skalvik  
Menighetspedagog

# ÅRSRAPPORT FOR BORE BARNEKOR

---

Barnekoret er for barn frå cirka 4 år og opp til og med 2. klasse. Me har øving kvar måndag frå kl. 17.15-18.00. Musikken spelar me via anlegget (spotify), eller så akkompagnerer Elin på piano. Det er andakt på kvar øving, og gjerne ein liten leik. Av og til spelar me på rytmeinstrument, og det hender me nyttar kostymer. Det er kaffi til foreldre som venter i kyrkja under øvinga.

Me har hatt over 30 barn på namnelista i 2022, og 17 betalande medlemmar. Me har hatt 23 samlingar. Dei fleste har vore vanlege øvingar, men av og til skjer det noko ekstra kjekt. Før påske hadde me «påskekos». Då fekk barna gå rundt på ulike leikestasjonar, og det kom ein påskekylling med godteri til alle.

I september hadde me «Pølsesang». Då var alle 4-åringane i Bore sokn inviterte til å vere med på ei øving, der me avslutta med pølser og saft i kyrkjestova. Nokre av 4-åringane syntest det var så kjekt med kor, at dei valde å kome på fleire øvingar etterpå.

Dette året kom 31. oktober på ein måndag, då mange som kjent feirar Halloween, eller Hallovenn. Denne måndagen hadde me kostymefest på koret. Alle som ville møtte fram i «snille» kostymer, og me koste oss med leikepostar og godteri.

To av samlingane har vore konsertar for familie, vener og andre kjende. Då fekk barna vise fram noko av det me hadde øvd på det siste semesteret. På sommarkonserten i mai var om lag 140 personar til stades. Dei fekk blant anna høyre og sjå ein påskesong og ein song om Noas ark, der me nytta kostymer og hadde innslag av drama. På julekonserten kom barna inn i kyrkja på rekke med lys i starten. Dei om lag 125 personane som var til stades fekk sjå og høyre juleevangeliet gjennom songar og opptrekk av barna, og i andakten.

## Leiarar i Bore barnekor 2022 har vore:

|                          |                               |
|--------------------------|-------------------------------|
| Hege Skrikrud            | dirigent                      |
| Solfrid Vigdel Skalvik   | kontaktperson                 |
| Elin Underhaug Kanu      | piano                         |
| Even Vigdel              | Teknikk                       |
| Dan Egil Skrikrud        | Teknikk (konsertane og vikar) |
| Ella Vigdel              | Medhjelpar                    |
| Margrethe Vigdel Skalvik | Medhjelpar                    |

Solfrid Vigdel Skalvik, Menighetspedagog

# ÅRSRAPPORT FOR UNGDOMSARBEIDET

---

## **Newbie**

Newbie er navnet på det aldersspesifikke trosopplæringstiltaket for 8.trinn. I 2022 ble tiltaket gjennomført som normalt, med Boblefootball i Vollhallen. Det var 23 deltakere.

## **Opptur (navnet på konfirmantsamlingene)**

I 2022 var konfirmantarbeidet fremdeles preget av covid-pandemien. Noen helt få samlinger ble avlyst, men konfirmantundervisningen ble i store deler gjennomført som normalt. Blant annet ble Trollaktivleir til Evje endelig gjennomført, og 07-erne fikk noen fine dager med undervisning, vitnesbyrd, forbønn og aktiviteter i 2021. De få samlingene som ble avlyst preget likevel konfirmantevalueringene, ettersom vi følger skoleåret.

Det mest inngripende var at konfirmantene gikk glipp av en curlingtur i ishallen, noe som er finslig med tanke på året før, men viktig for det sosiale i gruppa. Vi beklager at noen ble skuffet. Vi forsøker selvsagt å gjennomføre det vi planlegger, noen ganger lar det seg dessverre bare ikke gjennomføre.

Heldigvis ble konfirmasjonene gjennomført som normalt. Det ble også Fasteaksjonen, som vi besluttet å gjennomføre likt OD-dagen i skolen, etter erfaringer fra Klepp kyrkje. Øving og kappeprøving ble også gjennomført, konfirmantene fikk i tillegg en fin intern avslutning med enkel servering og bildevisning fra konfirmasjonsåret.

-55 konfirmanter ble konfirmert, fordelt på 6 konfirmasjonsgudstjenester.

Det ble mer utfordrende med neste kull, 08-kullet. Særlig med tanke på ungdomsledere, og at vi er nok frivillige. Vi erfarer at aktuelle ungdomsledere trekker til frimenighetene, og at rekruttering av nye ledere er vanskeligere enn før. Ungdomslederne som har vært med frem til sommeren, har sluttet for å studere. Frivillige i menigheten har trådt til og lagt ned en betydelig innsats for at vi skal kunne tilby konfirmasjonsundervisning

Konfirmanthappningen på Jærgårds ble ikke gjennomført som følge av Trollaktivleir på Evje. Leiren gikk derimot som normalt, med unntak av innleide ledere. Høsten sett under ett har vært preget av ledermangel, tilpassinger og tilrettelegging for en ny situasjon – uten ungdomsledere. Vi er flere menigheter som opplever det samme, og samarbeidet som har vært mellom menighetene er også preget av samme situasjon.

## **BaseKamp**

Vi har et frivillig tilbud for de konfirmantene som ønsker å få enda mer ut av konfirmantåret. Dette har vært sammen med Klepp, Orre og Bore og kalles Basekamp. Basekamp er noen samlinger i året hvor vi har litt undervisning og samtale rundt temaer som opptar ungdommene.

I 2022 ønsket 11 Borekonfirmanter å delta på Basekamp. Samlingene har vært forsøkt planlagt og gjennomført med Orre og Klepp. Dette lot seg ikke gjøre, og samlingene er isteden gjennomført som egne samlinger i Bore. På enkelte av samlingene har bortimot hele kullet deltatt, og Basekamp-samlingen om alkohol og rus er den undervisningen som går igjen som noe konfirmantene husker i evalueringene. Dette er veldig kjekke samlinger, hvor også personlig tro og temaer som opptar konfirmantene utforskes, det er likevel usikkert om disse samlingene kan fortsette. Vi samarbeider tett med klepp kyrkje om undervisningsmetoder og innhold i samlingene, men fellesundervisning er vanskelig med henvisning til den nye situasjonen som nevnes ovenfor.

## **Konf.reunion**

Konf.reunion ble forsøkt gjennomført, men avlyst, grunnet for få påmeldte.

## **Ledertrening**

Vi har hatt med noen fantastiske ungdomsledere som vi har takket av i løpet av året. Dette er Elen Lindtveit, Elise Slettbakk og Ådne Langholm. Ådne blir med videre, men litt mer sporadisk fremover. Det arbeides aktivt for å rekruttere nye ungdomsledere, og menigheten bes komme med forslag og/eller utfordre ungdom på oppgaver i menigheten. På forhånd takk til alle som tipser, spør og utfordrer!

Vi takker også de mange frivillige voksne og foresatte som har trått til utover høsten! Vi har gjort oss mange nye erfaringer, funnet nye løsninger, og testet ideer. I dette har dere vært helt uunnværlige!

Jarle Stokka, menighetspedagog

# ÅRSRAPPORT FOR SØNDAGSSKOLEN

---

I 2022 har Bore kyrkje søndagsskole hatt 16 samlinger.

Vi har vært inne og ute alt etter vær, og opplegg med aktiviteter. Dansegruppen som ble startet i fjor har gått fint, og vi vil fortsette med det i året som kommer.

Vi har hatt supersøndagsskole i Voll-hallen der 3 åringene blir spesielt invitert og får utdelt bok om den bortkommende sauene. I år hadde vi temaet om Peters fiskefangst. Det var godt oppmøte, men litt mindre enn året før.

Vi hadde juleverksted med godt oppmøte, også her litt mindre enn i 2021, ca 35 barn var innom og lagde fine juledekorasjoner og pyntet pepperkaker.

Lederne i 2022 var Gaute Hovtun, Elisabeth Haus, Kristina H Kåstad, Trond Berge og Kjell Værnes

Anders Gjetmundsen har hatt en pause i 2022 for å gjøre annet menighetsarbeid, men kommer tilbake til oss nå i 2023.

Kjell Værnes, leder Bore kyrkje søndagsskole.

# ÅRSRAPPORT FOR SPRELL LEVANDE

---

Sprell levende hadde samlingene i Sørhellet barnehage. Det var 8 samlinger på en lørdag. I alt var det 4 samlinger om våren (19.2, 26.3, 30.4 og 21.5) og 4 om høsten (27.8, 1/10, 29/10 og 26/11). Hver samling varte i en time. Samling var kl.10-11.

Søndagsskolen har hatt en gruppe for alle barna.

Søndagsskolen er tilknyttet Norsk Søndagsskoleforbund.

Våren 2022 var det 3 ledere: Aud-Norunn Myklebust, Manuela Sevland og Marit Irene Klüver Haugstad. Anne Breistøl Anda hadde pause.

Høsten 2022 var det 2 ledere: Aud-Norunn Myklebust og Marit Irene Klüver Haugstad. Anne Breistøl Anda og Manuela Sevland sluttet som ledere.

I vår varierte det med 6 til 13 barn pr. samling. I høst varierte det med 8 til 13 barn per samling. Gjennomsnittlig er det 10 barn tilstede hver gang. 29 barn er registrert.

Sprell levende fortsetter i 2023

Marit Irene Klüver Haugstad, leder Sprell Levande

# ÅRSRAPPORT FOR NÅDEPULS

---

Nådepuls er en kveld med lovsang og tilbedelse, med mulighet for å dele liv og vitnesbyrd. Vi ønsker i størst mulig grad å la Gud lede disse kveldene. Nådepuls-teamet består av Jens Kåre Stokka, Karine Eikeland Stokka, Kristine Tveranger Stokka, Ingvar Kjøllesdal og Hanna Voll Kjøllesdal.

I 2022 ble det arrangert syv Nådepuls, tre på våren og 4 på høsten. En av disse var sammen med besøk av Francois Botes (25.september). 2. påskedag var Nådepuls avslutning for Påske i sammen, som var en felles dag for menighetene i Klepp.

Nådepuls ble arrangert på søndager (med unntak av 2.påskedag) fra klokken 20 til ca 21.30, med mulighet for å bli igjen for kaffe og drøs i kirkerommet. Oppmøtet var på mellom 80 og 100 per gang.

Lovsangen ble ledet av musikere fra menigheten og omegn. Forbønnstjenesten stilte med forbedere, og tilbudte også velsignelse rundt alteret. Randi Kjøllesdal og Hild Arna Bjånes Voll tok på seg ansvaret for at det ble servert kaffe og noe å bite i, og Hans Voll tok rollen som kirkevert.

Vi opplever at det kommer mange tilreisende. Vi i teamet synes det er kjekt at Nådepuls er blitt en arena hvor vi kan samles på tvers av menigheter, og er spent på hvor Gud tar dette videre.

Jens Kåre Stokka

# ÅRSRAPPORT FOR DET MUSIKALSKE ARBEIDE

---

Det har skjedd mykje bra musikalsk arbeid i Bore menighet i 2022. Me kan nemne at det er oppretta ei *medsongar gruppe* som har øvd flittig og styrka salmesongen på G1 gudstenestene. Elles slutta Ove Byberg i desember, og Elin Kanu har tatt over hans oppgåver i et vikariat, og jobbar no 80 %

**Me har tre hovudtypar gudstenester i Bore i tillegg til** presentasjonsgudsteneste og konfirmasjonsgudstenester.

## 1| FAMILIEGUDSTENESTER

Soknebarna og «Mini lovsangere» på Messenger har synt stort engasjement og medverknad, iforhold til førebuing og gjennomføring av desse ti gudstenestane i løpet av 2022. Barn som har medverka er: Live, Ingrid, Naomi, Kaia Emilie, Sara Linnea, Amalie, Mathea, Elvira, Maria, Tuva, Tiril, Lilja, Eliah. Saman med Ivan, Elin & Solfrid har Kristine T.S. (i starten) Gerny, Elisabeth H & H, Camilla L, Kristina K, Anette D.T, Gunnar T, Hanne H, Kristine F.H, Linda R, Mimi R, Vidar G, Ingunn W og sikkert fleire foreldre & føresette sytt for at barn har øvd på songar i forkant av gudstenester, møtt opp og leia forsamlinga i song og tilbeding, dansa for Gud, hatt drama og formidling osv. Det har vore ei fryd å samarbeida, og få så positive tilbakemeldingar, songforslag, ferdiglaga spelelister på Spotify. Ei syster som vitja, sa at «dette er ein menighet der barna kan ver stolte av å tilhøyra» Det seier ikkje reint lite.

**2| GUDSTENESTER MED BAND, G2:** G2 bandet har lagt ned nokon verdige arbeidstimar for å løfta gudstenestene, og tena Gud/Yashua gjennom song og musikk. Mykje koordinering av tid, relasjonar for å setja av timar til å førebu gudstenester. Eg trur folk kan kjenna gleda i/ved denne tenesta, sjølv om tidspresset kan vere stort.

Vår kjære bassist Fredrik F har tredd av som bassist i G2 bandet, men fortset i Nådepuls og G2 ressursgruppa. Elles har Siv Iren, Hege, Hanne, Rune & Kari Johanne gjort ein god jobb med å medverka på song, trommer og gitar på gudstenestene, med øvingar 1-2 gonger i månaden, og ein onsdagskveld i studio i Nordsjøvegen 71. Me vil gjerne ha fleire musikarar og songarar med. Eit bønne- og takkeemne er at folk vil tena Gud med sitt instrument i gudstenestene på føremiddagen.

**Presentasjonsgudsteneste** |11.09.22 blei gjennomført med band & solist.

**Konfirmasjonsgudstenester** | Det blei gjennomført 2 gudstenester laurdag 30. april og 3 gudstenester laurdag 07.05 begge med band, instrumental og solosongar.

### **3| G1, eller GUDSTENESTE MED ORGEL OG MEDSONGARAR**

Her har Ove fått med ei gruppe på 10-12 songarar, som møtast kvar torsdag for å synge gjennom til G1 gudstenesta, som er ein gong i månaden. Dei har sunge liturgi, bønnesvar og Fadervår fleirstemmig, og gjev godt løft og trykk på salmane.

**PÅSKEGUDSTENESTER** Ove Byberg var organist i desse, og hadde laga flotte arrangement. *Medsongarane* deltok 1.påskedag

«**ME SYNG JULA INN**» 18.12 til gudstenestetid, med Bore skulekorps som medverkande. Godt frammøte, og god fellessong.

**JULAFTAN og 1.JULEDAG** | Julaftan hadde me 3 gudstenester kl.14, 15 og 16. Den første var med barn som forsongarar, og Dennis på djembe. Dei to siste var med Jonas F.S på trompet, og Elin på orgel. Reidar Kydland medverka med kornett i høgtidsgudstenesta 25.12, saman med orgel. Høgtideleg og staseleg sus.

**GRAVFERDER** | Har hatt 70% auke, i forhold til fjoråret. Førehandsspel er kjente og kjære bedehussongar, folketonar, country, pop & klassiske stykke. Solistakkompagnement på orgel eller piano med eventuelt andre vokalistar eller musikarar.

**VIGSLER** | Nokre vigsler spreidd ut over året. Prøver å imøtekoma brureparets ønsker om inn- og utgangsmusikk, salmar og solo-ønsker. Avtalar øvings stad og tid med dei innhyra solistane.

Open kyrkje: Her har Ove Byberg stort sett hatt det musikalske ansvaret frem til han slutta i november 2022. Tilbodet har vore varierende besøkt, og blir ikkje vidareført i 2023.

**Tusen takk til alle som har bidratt med flott teneste gjennom året.**

Elin Underhaug Kanu, organist